

Ja til frådelling Livegen 285

Halvor Røysland, eigar av gnr. 19 bnr. 27 i Liheia, søker om frådelling av ei bustadtomt på cirka 1.500 m² på sørsida av Livegen. Tomta er tenkt med adkomstveg frå Livegen, ved eksisterande avkjørsel, og vert knytta til det kommunale vatn- og avløpsnett sør for tomta. Røysland har tidlegare søkt om frådelling to gonger og fått avslag på søknaden, og søker nå på nytt etter endring av arealdel til kommuneplan

i 2015, med opning for frådelling av to bustadtomter. Saka kom opp i sist møte i utval for plan, teknikk og næring (PTN) som vedtok samrøystes å godkjenne frådelling av ei tomt på inntil eitt dekar under føresetnad av at tomta blir lagt på øvre side av Livegen. Tomta må ligge i nærleiken av eksisterande hytte/bustad for å gje minimal påverknad på kulturlandskapet.

Bruksendring til flyktningebustad

Utval for plan, teknikk og næring (PTN) vedtok i siste møte å gje bruksendring for den gamle sjukeheimen/skjerma avdeling i Gamlevegen for å bli bustad og mottak av mindreårige flyktningar. Det er tenkt eit maksimum tal på 13 personar og døgnbemanning. Det er ikkje tenkt bygningsmessige endringar. Vedtaket var samrøystes.



KOMMUNEREFORMA

Gode argument begge vegar

Det er gode argument både for og mot ei kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Her er nokre av dei som har svirra i debatten det siste året.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Stort sett kan alle argument snuast og brukst motsett veg alt etter kva ein meiner veg tyngst. Lista er heilt sikkert ikkje komplett. Bø blads lesarar kan gjerne kome med nye argument.

Problemstillingar å tenkje over

- Eit politisk vedtak står berre til det neste er fatta. Det gjeld så vel stortingsvedtak om inntektssystem til kommunane som kommunale vedtak om lokalisering av skular og demente-avdelingar.

- Staten har ikkje kome med fleire oppgåver til kommunane, sjølv om det sannsynlegvis ville ført til fleire kommunesamanslåingar. Kvifor? Fordi regjeringa eigentleg ikkje vil legge tunge oppgåver i kommunane? Vil ei Ap-styrt regjering vere meir tilbøyeleg til å desentralisere oppgåver enn ei Høgre/FrP-styrt regjering?

- Det blir argumentert med at ein må ruste kommunane for verda om 20 år. Men ingen veit kva det vil seie. Kor "visjonær" er det lurt å vere. Bør ein vente til ein kjem til elva før ein finn ut korleis ein skal krysse den? Og er det då rasjonelt å spreie administrasjonen utover? Er ikkje det å samle administrasjonen eit av punkta som kan gi gevinst?

- Det tok nesten 20 år frå Schei-komiteen vart sett ned til dei siste kommunesamanslåingane vart gjennomførte. Samanslåingane vart planlagt ovanfrå, målet var først og fremst å gjere kommunane i stand til å etablere niårige skular. Det vart bråk, men talet på kommunar vart nesten halvert.

- Kva for politiske parti kan vinne og kva for parti kan tape på at dei tre kommunestyra vert til eitt? Det er gode argument både for og mot ei kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Her er nokre av dei som har svirra i debatten det siste året.

For	Mot
Har alt slått saman mange tenester og er godt i gang med å byggje ein ny kommune.	Samarbeid er nok og kan eventuelt utvidast.
Relativt like store og like kommunar.	For jamne til å bli einige om eit sentrum og kvar kommunehuset skal ligge.
Passe store. Ekspertutvalet tilrår minst 15.000-20.000.	Størrelse avhengig også av kva for oppgåver kommunane får. Midt-Telemark vil vere for lite til å overta for eksempel vidaregåande skular.
Ulik erfaring med samanslåing. Nome og Sauherad har slite med fleire sentrum og kjenner problematikken.	Skjønner Bø kva det inneber å skulle fordele mellom fleire sentra?
Blir store nok til å få eingongstilskot	Ukjende kostnader av å slå seg saman.
	Deler av Sauherad og Nome ønskjer heilt andre løysingar. Kor krevjande blir det å "true" med dei som ikkje vil?
Meir musklar mot Grenland og Notodden. For eksempel i saker som gjeld HiT og lokalisering utanfor Grenland.	Ein klarar ikkje å samle seg for få ting lokalisert til området fordi ein er ueinig i lokaliseringa. Er det betre å vere ein liten kommune som er einig med seg sjølv i ei slik sak?
Korte avstandar uansett kvar ting ligg.	Veldig godt vant med veldig korte avstandar. Ti kilometer kan vere eit hav i Midt-Telemark.
Kjenner kvarandre godt.	Deler av kommunane vil ikkje ha resten, men vil til andre kommunar.
Bø og Sauherad er Robek-lista og Nome må også kutte. Samanslåing kan spare pengar.	Mange vil ikkje snakke om økonomisk gevinst, det er ikkje gitt at ein oppnår det. Tre fattige blir ikkje ein rik.
Små fagmiljø har problem med å rekruttere fagfolk.	Ein kan samarbeide på fleire område utan å slå seg saman.
Oppsplitting av skattebasta, kraftsamarbeidet, kan fort koste mykje i advokathonorar dersom nokon av kommunane vel å slå seg saman med andre.	Status quo, ein treng ikkje å endre på kraftsamarbeidet.
Blir sterkare saman slik at ein kan handtere nye oppgåver, sjølv om ein ikkje veit kva dei er. Uansett vil innbyggjarane bli meir krevjande.	Veit ikkje kva nye oppgåver ein får, og dermed heller ikkje kva ein skal ruste seg til.